



Fylkesmannen i Hordaland
P.b 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2937 - 16/1485

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

27.01.2016

Søknad om bygging av skogsbilveg på Gbnr. 34/2 Bjørndal i Meland kommune

Meland kommune har motteke søknad frå Lars Ottar Sagstad om å få byggje traktorveg i Bjørndal. Det vert søkt om å få byggja ein ny traktorveg i vegklasse 7 på ca. 90 meter, i samband med vegen søkas det om å få byggja ein velteplass i enden av vegen ved kommunal veg. Vegen ligger i nærleiken av Bjørndalsvatnet, som er ein del av det verna Rylandsvassdraget. På det nærmaste punkt er vegen om lag 30-35 meter frå vasskant.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skoegen i området på ein effektiv og økonomisk måte. Grunna steingard og jordbruksareal i drift er den planlagde trasen inn beste alternativ. Det er trong for ein køyreforbetring i terrenget for å kunne få maskiner inn ved ein hogst grunna terrenget. Søkjar har vidare planer om at vegen skal kunne nyttast noe i jordbrukssamanheng. Vegen har eit dekningsområde på med ca. 173 m³ hogstmoden skog, samt eit mindre jordbruksareal på ca. 2 daa. Vegen vil vere ein betydelig faktor for driftskostnadane ved ein hogst i dette området. For framtidige skjøtseloppgåver vil vegen vere viktig for å lette tilkomst og gjennomføring, og difor redusere kostnadane ved skjøtsel. I området er det også eit mindre jordbruksareal med fulldyrka jord som søkjar ynskjer å bruke meir aktivt og utvikla vidare. Ein vil jordbrukssamanheng ha behov for god tilkomst som ikkje medfører unødig køyring over anna jordbruksareal. Ein veg er også eit viktig element for å letta skogeigars oppsyn med skogen. Dette er viktig for å kunne gjennomføre skjøtselstiltak til rett tid, men også for å lette oppsynet etter andre uventa hendingar som eks. storm/vindfall.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. §1-1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller verneverdige kulturminne på staden før saken vert handsama. Ska vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3-1 o landbruksvegforskrifta, da traktorvegen ligg nærme Bjørndalsvatnet som er den del av det verna Rylandsvassdraget.

Tiltak: Bygging av traktorveg på ca. 90 m i vegklasse 7, samt etablering av velteplass ved kommunal veg.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gbnr: 34/2

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 26.02.16

Vedlagt følger søknaden, kart og profiler.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad med kart og profiler

Kopi til:

Lars Ottar Sagstad

Bjørndalsvegen
181

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune v/
kultur-og idrettsavdelinga
Meland kommune v/
kulturavdelinga

P.b 7310

5020

BERGEN